



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Åmli kommune
Gata 5
4865 ÅMLI

Dato: 15.04.2024
Vår ref: 24/00715-4
Deres ref: 24/159-6

Fråsegn til oppstart og høring av planprogram for kommuneplanen sin arealdel 2024-2036 for Åmli kommune

POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 16. februar 2024.

DMF er statens fagorgan og sektormyndighet for mineralressurser og mineralvirksomhet. DMF skal bidra til økt verdiskaping gjennom å legge til rette for en langsiktig ressurstilgang basert på en forsvarlig og bærekraftig utvinning og bearbeiding av mineraler. Vi forvalter lov om erverv og utvinning av mineralske ressurser (mineralloven), og har i tillegg som sektormyndighet et særlig ansvar for at mineralressurser blir ivaretatt i saker etter plan- og bygningsloven.

Sentrale mål i mineralforvaltningen er å sikre tilgangen til mineralressursene i framtida og å hindre at viktige forekomster gjøres utilgjengelig av arealbruk som utelukker framtidig utnyttelse.

Om saka

Åmli kommune har varsla oppstart og høring av forslag til planprogram for kommuneplanen sin arealdel for perioden 2024-2036.

Fråsegn frå DMF

Ifølge Noregs geologiske undersøking (NGU) sine ressursdatabasar, er det 70 registrerte førekomstar av grus, pukk og steintipp¹. Det er 14 førekomstar av malm, industrimineral og naturstein² i Åmli, inkludert kopar og feltspat, definert av EU som kritiske og strategiske råvarer³. Det er fire uttak i drift, som alle driver uttak av byggeråstoff. DMF forventar at planen omtalar viktige førekomstar i kommunen og korleis arealføremålet råstoffutvinning skal brukast.

¹ Grus-, pukk- og steintippdatabasen:

https://aps.ngu.no/pls/oradb/grus_GP_Oppslag_KS.Alle_fkom_komm?p_kommunenr=4217

² Malm-, industrimineral- og natursteindatabasen: https://aps.ngu.no/pls/oradb/minres_Mi_list_fkom_ks.Alle_fkom?p_kommunenr=4217R&p_sprak=N

³ Critical raw materials: https://single-market-economy.ec.europa.eu/sectors/raw-materials/areas-specific-interest/critical-raw-materials_en



Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og å unngå at viktige førekomstar blir gjort utilgjengeleg for komande generasjonar. Det er derfor viktig at det i planarbeidet konkret blir vurdert korleis arealbruken i Åmli kan få betydning for mineralske førekomstar og mineraluttak, og korleis kommunen skal forvalte dei ulike mineralressursane.

Det er store lokale og regionale skilnader i tilgang til mineralske ressursar. Behovet kan samtidig knytast til alt frå lokal byggeaktivitet til storskala gruvedrift mot ei global marknad. Det kan vere næringsinteresser knytt til utnyttinga av mineralressursar, både direkte ved det enkelte masseuttak og indirekte ved ulike typar industriell vidareforedling av ressursane. Tilgang på byggeråstoff er viktig for å kunne realisere planlagde utbyggingstiltak. Kommunen bør derfor vurdere om uttak av ressursar lokalt, også er viktig regionalt.

Masseuttak i arealdelen

DMF har gått igjennom korleis kjende uttak i drift i vårt uttaksregister⁴ er avsett i gjeldande arealdel.

- *Seljås steinbrot* er avsett til arealformål råstoffutvinning. Uttaket har driftskonsesjon etter minerallova.
- *Ståa* er avsett til råstoffutvinning. Uttaket er meldepliktig etter minerallova.
- *Raudåna* er avsett til LNF-formål. Uttaket har driftskonsesjon etter minerallova.
- *Jørundland* er avsett til LNF-formål. Uttaket er meldepliktig etter minerallova.

Område der det skal drivast uttak i planperioden bør avsettast til noverande råstoffutvinning i plankartet. Område kor det er planlagd masseuttak som ikkje er påbegynt, eller der eksisterande uttak skal utvidast bør avsettast til framtidig råstoffutvinning, og visast i plankartet med ytre grenser for framtidig uttak⁵. Område som ikkje lengre er aktuelle for uttak kan takast ut av planen.

Omsynssonar

Kommunen bør vurdere å nytte omsynssone H590, jf. plan- og bygningslova § 11-8 c), for område med registrerte førekomstar med mineralske ressursar som kan vere aktuelle for framtidig utvinning. Hensikta med ei slik omsynssone kan vere å sørge for at det ikkje leggast opp til tiltak som kan hindre seinare mineralutvinning. Kommunen kan også vurdere å bruke omsynssone på areal omkring eksisterande uttak der det ikkje er registrerte førekomstar, for å unngå konflikt med andre arealinteressar.

DMF har tildelt undersøkingsrettar i områda rundt Skjevlevatn og Tveitliheia mot Bygland kommune⁴, Gullring 11, 12 og 13, tilhøyrande Teako Minerals Norway AS. Viss det kjem framlegg om ny arealbruk innanfor område med undersøkingsretter, bør rettshavar informerast om planprosessen og få moglegheit til å gi fråsegn til planen

Føresegner i arealdelen

Gjeldande arealdel sett krav om detaljreguleringsplan for tiltak etter plan- og bygningsloven §§ 20-1 og 20-2 i område avsett til framtidig byggeområde, gjennom det

⁴ DMF sitt kartinnsyn: <https://minit.dirmin.no/kart/>

⁵ Rettleiar kommuneplanen sin arealdel:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/kommuneplanens-arealdel/id2904677/>



generelle reguleringsplankravet i punkt 1.1 i føresegnene. DMF meiner at etablering og utviding av eksisterande masseuttak bør ha reguleringsplan. DMF oppmodar difor til at det blir lagt inn eit plankrav for tiltak som òg er utanfor byggeområde. Masseuttak normalt vil falle inn som tiltak under § 20-1 bokstav a) eller k).

I utforminga av føresegner til ny arealdel bør kommunen også vurdere følgjande:

- Eigne krav for regulering av areal avsett til råstoffutvinning, for eksempel utredning av landskapsverknadar, avbøtande tiltak undervegs i drift av masseuttak og ønska etterbruk. Uttaksdjupne og -volum må grunngjevast viss det skal fastsettast i føresegna.
- Eit generelt krav til sikring og skjerming av masseuttak. Kommunen må syte for at det er sett av tilstrekkeleg areal for oppføring, vedlikehald og tilsyn med sikrings- og skjermingstiltak.
- Retningsliner til plankrav for masseuttak:
 - Uttak av mineralske ressursar skal skje i samsvar med minerallova. Uttak over 500 m³ er meldepliktig, og uttak over 10 000 m³ krev driftskonsesjon etter mineralloven.
- Krav om massehandsamingsplan for planar eller tiltak som genererer overskotsmassar.

Konsekvensutgreiing

I arbeidet med arealdelen må kommunen identifisere vesentlege verknadar av forslag til endra arealbruk for viktige mineralressursar, jf. forskrift om konsekvensutgreiingar § 21. I dette arbeidet må kommunen legge *grus- og pukkdatabasen*⁶ og *mineralressursdatabasen*⁷ frå NGU og DMF sitt kartgrunnlag til grunn for utgreiing av arealinnpela. Datasett med førekomstane er tilgjengeleg for nedlasting frå GeoNorge sin kartkatalog⁸. Datasetta til DMF og NGU blir òg distribuert som WMS-tenester, og kan leggest direkte inn i kommunen si eiga kartløyising. DMF har òg kart over tildelte konsesjonar som finst på våre nettsider⁹.

Dersom område med nytt arealføremål kjem i nærleiken av, eller rører ved, mineralske førekomstar, prospekt eller masseuttak, bør det gjerast ei vurdering av om endringa fører til at ressursar blir utilgjengelege for framtida. I område nært eller ved masseuttak bør kommunen òg vurdere om endra arealbruk kan få følgjer for ei framtidig utviding av uttaket. Sjå DMF si kartløyising for oversikt over uttak med konsesjon i kommunen⁹. Det er viktig at kommunen tar med i vurderinga at ressursar som ikkje er vurdert som viktige i nærmaste planperiode, kan bli viktige i framtida. Dersom kommunen går inn for endringar i arealbruk som påverkar område med ressursar, bør kommunen vurdere om det finst avbøtande tiltak.

Dersom det settast av nye areal til råstoffutvinning bør det vere eit reelt behov for uttak av ressursar, som til dømes ikkje kan erstattast av overskotsmassar eller ved å

⁶ Datasett for grus og pukk:

<https://kartkatalog.geonorge.no/metadata/grus-og-pukk/a26e57bc-15bd-46db-8504-6c6ed1e7c501>

⁷ Datasett for mineralressursar: <https://kartkatalog.geonorge.no/metadata/mineralressurser-industrimineral-naturstein-og-metaller/5a887d78-07ef-44c6-8941-cb8017c6328c>

⁸ GeoNorge sin kartkatalog: <https://kartkatalog.geonorge.no/>

⁹ Konsesjoner: <https://dirmin.no/data/konsesjoner>



utvide eksisterande uttak. Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing¹⁰ bør leggjast til grunn ved vurderingar av nye område til råstoffutvinning, inkludert vurderingar om behov og lokalisering.

Klima og miljø

Det er viktig at mineralske massar av god kvalitet gjenvinnast som byggeråstoff. Dette kan redusere presset på grus- pukkressursar, massetransport og behov for å opne nye uttak med dei inngrepa det medfører. Ei heilskapleg vurdering av massehandtering i plansamanheng kan vere nyttig for å avklare dette, jf. dei nye nasjonale forventningane. I dette ligg at «Planar for større byggje- og anleggsarbeid avklarar korleis overskotsmassar skal disponerast og korleis nødvendig areal til handteringa skal sikrast. Moglegheita for ombruk og materialgjenvinning blir vurdert, og ein bør prøve å oppnå massebalanse.»

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du og vår digitale kartløysning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Lars Libach
seniorrådgjevar

Henning Sigstad
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Henning Sigstad

Mottakarar:

Åmli kommune

Gata 5

4865 ÅMLI

Kopi til:

¹⁰ Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing:
<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2018-09-28-1469>